



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
15/202530-13

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.10.2016

Svar – Vurdering av motsegnspunkt – Framlegg til nye føresegner – Reguleringsplan for Mangerøy industriområde Jotuntomta – Kjebogen – Fv. 410 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til e-post frå Radøy kommune mottatt 12. oktober 2016. Vi syner og til tidlegare korrespondanse i saka.

Statens vegvesen fremja motsegn til planen i brev sendt Fylkesmannen i Hordaland 13. januar 2016. Motsegna var fremja mellom anna med omsyn til trafikktryggleiken i området. Vi meinte at planområdet måtte utvidast slik at det omfatta Fv. 410 fram til bustadområdet Selfallet. Vi hadde i tillegg merknader til planen om byggjegrænse og utforming av kryss.

I vårt siste brev datert 7. oktober 2016 skreiv vi:

- 1) Det skal utarbeidast reguleringsplan for fv. 410 frå planområdet på Kjebogen som koplei seg på eksisterande reguleringsplan for Langhøyane. Føremålet er å regulere tilbod til mjuke trafikantar. Arbeidet med ny reguleringsplan skal vere ferdig før det vert gjeve ferdigattest innan B11.*
- 2) Gjennomføring av ny vegplan skal vere knytt til tiltak i område B12.*

Radøy kommune har levert eit nytt framlegg til plan og føresegner som svar på dette med følgande ordlyd:

1.7 Rekkjefølgjekrav (pbl § 12-7 nr 10):

Pkt. 1.7.4 :

Det kan ikkje førast opp nye bygg i delfelt B12 før fylkesveg 410 er opparbeidd med fortau frå planområdet til eksisterande fortau ved Selfallet. Betring av vegen utløyser

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

krav om detaljplan. Arbeidet med ny detaljplan skal vere ferdig før det vert gjeve ferdigattest innan B1.

Vurdering:

Statens vegvesen har tidlegare vorte samde med kommunen om byggjegrænse i planen og utforming av kryss. Vi meiner at det nye framlegget med reviderte føresegner tek i vare våre interesser i tilstrekkeleg grad.

Vi ber om å få sendt over kommunen sitt endelege vedtak.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER